

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Siri Klokkerstuen (A) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av A, Krf og Sp:

«Endring pkt. 5: Stipenda vert utlyst og tildelt årleg.»

Røysting

Klokkerstuen sitt forslag til endra pkt. 5 vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag elles vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 300.000 frå post 400.735 «prosjekt innan folkemusikk» i driftsstønad til Hardingfela.no for 2016.
2. Kr. 100.000,- vert sett av til stipend innan tradisjonsinstrument, vokal tradisjonsmusikk og folkedans.
3. Stipend kan tildelast profesjonell utøvar busett i Hordaland. Det vert ikkje gitt støtte til personar som er under formell utdanning
4. Stipenda vert fordelte slik:
 - a) eitt folkemusikkstipend på kr 50.000
 - b) to stipend á kr 25.000 til unge utøvarar innan tradisjonsinstrument, vokal tradisjonsmusikk og folkedans
5. Stipenda vert utlyst og tildelt årleg.
6. Rådet for Hardingfela.no vert rådgjevande fagkomité for stipenda og innstiller til fylkesrådmannen på grunnlag av ei skjønnsmessig vurdering basert på kunstnarleg aktivitet og kvalitet.
7. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fattar vedtak om tildeling av stipend